



Unntatt offentlighet iht. offl. § 25, 1. ledd

Arkivsaksnr.:
2023/11

Dokumentdato:
02.05.2023

Styre:
Fakultetsstyret ved Det humanistiske fakultet

Styresak:
24/23

Møtedato:
09.05.2023

Søknad om opprykk til førsteamanuensis - Oppnevning av sakkyndig komité

Dokumenter i saken

1. Søknad om opprykk
2. Fremlegg til sakkyndig komité

Bakgrunn

Kristian Bjørkelo har levert søknad (vedlegg 1) om opprykk til førsteamanuensis på grunnlag av oppnådd doktorgrad. Bjørkelo har i dag fast stilling som universitetslektor ved Institutt for lingvistiske, litterære og estetiske studier, knyttet til emnet Praktisk informasjonsarbeid.

Instituttet har sendt over følgende forslag til sakkyndig komité:

- Professor Arne Krumsvik, Høgskolen Kristiania.
- Førsteamanuensis Torill Elvira Mortensen, Nord universitet.
- Førsteamanuensis Arnt Maasø, Universitetet i Oslo.

Professor Arne Krumsvik er foreslått som leder for komiteen. Det er mottatt skjema for vurdering av inhabilitet fra de foreslåtte komitémedlemmene, og alle medlemmene erklærer seg habile uten merknader.

Forslag til vedtak:

Det humanistiske fakultet oppnevner følgende komitémedlemmer for å vurdere søker Kristian Bjørkelo for opprykk til førsteamanuensis:

- Professor Arne Krumsvik, Høgskolen Kristiania.
- Førsteamanuensis Torill Elvira Mortensen, Nord universitet.
- Førsteamanuensis Arnt Maasø, Universitetet i Oslo.

Førsteamanuensis Arnt Maasø oppnevnes som leder for komiteen.

Camilla Brautaset
dekan

Kim Ove Hommen
fakultetsdirektør

Søknad om opprykk til førsteamanuensis Kompetanseerklæring

Kristian A. Bjørkelo, universitetslektor, PhD

Eg søker med dette om opprykk til førstestilling - førsteamanuensis, på basis av oppnådd PhD med avhandlingen "[Playing with Boundaries: Empirical Studies of Transgressions and Gaming Culture](#)" (Bjørkelo, 2022), levert oktober 2021, og forsvart vellukka 7. april 2022.

Vedlagt er mi pedagogiske mappe og CV, samt ein utfyllande akademisk CV, til saman er dei ei eit samandrag av dei viktigaste punkta av min undervising, forskning og publisering frå dei siste ti åra. Eg legg òg ved emneevaluering av Praktisk informasjonsarbeid frå våren 2020, samt nominasjonen til Ugleprisen frå 2014 for å dokumentere undervising og emneutviklingsarbeid.

Grunnlaget for søknaden er godkjend PhD ved Institutt for informasjon- og medievitenskap, knytt til fagkrinsen medievitenskap / medier og kommunikasjon, utstrakt vitenskapleg og populærvitenskapleg publisering på ei rekkje områder, deriblant ekstremisme, sosiale medier og kulturhistorie, og over ti år med undervising og emneutvikling ved Institutt for lingvistiske, litterære og estetiske studier - meir spesifikt kommunikasjonsfaget Praktisk informasjonsarbeid. Då Praktisk informasjonsarbeid ikkje har status som eit fag, men er eit frittstående emne, vil eg hevde at dette er eit kommunikasjonsfag, der min PhD frå Institutt for informasjon- og medievitenskap er av tydeleg relevans. Medan PhDen sin spesialitet er innan spelstudier, er grunnlaget lagt både i kultur og kommunikasjonsfeltet.

Forskning

Eg viser til vedlagte akademiske CV for detaljar, men vil her presentere nokre viktige punkter for mitt forskingsarbeid. Mitt hovudanleggjande for doktorgraden var grenseoverskriding i spel og spelkulturen, og byggjer vidare på to sentrale punkter i mitt øvrige arbeid elles: internettkultur og kommunikasjon på den eine sida og ekstremisme og ekstreme subkulturar på den andre. Dette er som så mykje anna ting som er vevd inn i kvarandre, og er vevd inn i mi forskingskarriere. Før PhDen har fokuset lagt på internettkultur og folklore, samt på ekstremistiske grupperinger. Eg har mellom anna gjennomført eit vellukka feltarbeid blant italienske fascistar i 2013 som har resultert i artiklar (Bjørkelo, 2015, 2016c) og ei bok (Bjørkelo, 2016a). Dette arbeidet har gjort meg til ein ettertrakta ekspert og kommentator på feltet, både i Noreg og i utlandet, og eg vert ofte sitert i rapportar og artiklar. Dette skuldast mi evne til å sjå tendensar i ekstreme miljø før dei vert offentleg kjend, sidan eg følgjer med på det som rører seg i internettkultur og er ein del av eit utstrakt nettverk som dokumenterer politisk ekstremisme og terrorisme.

Min doktorgradsavhandling (Bjørkelo, 2022) og artiklane knytt til den får skryt for sine bidrag til auka forståing for spelkulturen og for sin multidisiplinære tilnærming til feltet som kombinerer både kulturhistorie, kommunikasjon og media. I doktorgradsarbeidet har eg utforska grenser i spel og spelkulturen, og korleis desse fungerer sosial og kulturelt. Eg korleis språk og kommunikasjonsformer bidreg til å sperre folk ut av spelkulturen. Vidare har eg sett på korleis grenseoverskriding og ubehag i spel, såkalla positive negative experiences skapar rom positiv innverknad på deltakarar og har potensial for læring. Pågåande forskingsarbeid fokuserer på korleis såkalla giftig språk og kommunikasjon har lengre historiske røtter, og at såkalla "flame wars" og sjikanøs atferd har gått hand i hand med

kompetitiv maskulin kultur som ein kan dokumentere attende til tidleg mellomaldar. Dette er ein del av eit mogleg bokprosjekt eg er i planleggingsfasen av.

Eg er ein del av eit utstrakt internasjonalt forskingsnettverk innan ulike felt, og bidreg jamleg til seminarer og symposier. Ved Universitetet i Bergen er eg med i det tverrfakultære og multidisiplinære Nettverk for spillforskning med utspring ved institutt for informasjon- og medievitskap og *Games and Transgressive Aesthetics*, og forskargruppe for Digital Kultur ved institutt for lingvistiske litterære og estetiske studier. I begge er eg særers aktiv, og bidreg både med eigne prosjekt og innspel til andre sine.

Som eit resultat av laivforskningsprosjekt som *Asylsøklarane* (Bjørkelo, 2017b; Bjørkelo & Jørgensen, 2018) og tidlegare speldesignprosjekt vore delaktig som forskar og koordinator for *Sivilisasjonens venterom*, eit laivforskningsprosjekt i utvidinga av ERC-prosjektet *Machine Vision in Everyday Life*. Vidare har eg i kjølvatnet av dette jobba med kommunikasjonen av overvakingsteknologi og våre forestillingar om den - såkalla *surveillance imaginaries*. I utlandet har eg fleire forskningssamarbeid, som *Taboos in Games Studies*, og var mellom anna deltakar i forsøk på å etablere forskingsplattforma "Digital Extremisms: Platforms, Practices, Patterns" ved det Jaggelonske universitet i Krakow, Polen. Eg er vidare assosiert med NFR-prosjektet *Understanding Male Gamers* leia av professor Kristine Jørgensen, og SSFen *Center for Digital Narratives*, begge med oppstart i 2023.

Utover populærvitskaplege innlegg, så er eg ein aktiv deltakar på konferansar og seminar i heile verda. Sidan 2015 har eg haldt fjorten presentasjonar i inn- og utland, på seminar, workshop og konferansar om grenseoverskriding og metode. Presentasjonane har vore kjelde for diskusjon og har motivert til vitskapleg nytenkjing. I 2023 er eg invitert som *junior keynote* ved Nordic DiGRA i Uppsala, Sverige der eg skal presentere mitt arbeid med både grenseoverskriding og ekstremisme, og bidra til ein diskusjon om fagfeltets framtid.

Publikasjon

Vedlagt CV inneheld oversikt over publikasjonar, med kommentarar. Mine vitskaplege og populærvitskaplege publikasjonar har dekkja eit like breitt felt som forskinga, då eg opplev formidlingsarbeid som ein viktig del av mitt virke. Anten det no er vitskaplege publikasjonar om spel, essayer om ekstremistiske rørsler eller kommentarartiklar så har publikasjonane mine ofte vekka merksemd og leia til diskusjon. Eg ser gjerne arbeidet sitert i ulike samanhenger, deriblant i Call to Papers.

Dei siste åra har publikasjonane mine fokusert på spel og spelkultur i samband med avhandlinga mi, der eg har opparbeida eit rykte for forskning som utforskar ubehag på ulike vis. Dette gjeld særleg artiklane "It feels real to me: Transgressive Realism in *This War of Mine*" (Bjørkelo, 2019) og "The *Asylum Seekers* larp: The Positive Discomfort of Transgressive Realism" (Bjørkelo & Jørgensen, 2018), og fleire blogginnlegg for [bloggen til Games & Transgressive Aesthetics](#) (Bjørkelo, 2016b, 2017a, 2017b, 2018; Bjørkelo & Jørgensen, 2016). I "Elves Are Jews with Pointy Ears and Gay Magic: White Nationalist Readings of *Skyrim*" (Bjørkelo, 2020) kombinerer eg desse perspektiva, med mitt tidlegare etnografiske arbeid på høgreekstreme miljø for å utforske korleis dei produserer særeigne tolkingar av ein populær medietekst. Denne publikasjonen vekte òg ein del merksemd i media internasjonalt, då overlappet mellom høgreekstremisme og spelkultur er av stor allmenn interesse. Nye publikasjonar om dette er under utvikling, og eg har to andre artiklar

om spelkultur under bearbeiding i skrivande stund. Eg held òg på å planleggje og utgreie tre ulike bokprosjekt, der to populærvitskaplege prosjekt har fått positive attmeldingar frå forlag.

Eg har publisert jamnlet i populærvitskaplege fora og som kommentator i dei siste to tiåra, om ein særst ulike felt. Hovudskaleg om kultur, kommunikasjon og ekstremisme. Eit godt rykte som formidlar har gjett meg fagansvaret for mellom anna internettkultur hjå *Store Norske Leksikon* som einaste representanten for det humanistiske fakultetet ved UiB med ansvar for eit teknologisk felt i oppslagsverket. Og dette vil eg halde fram med, med nye planlagde artiklar om 4chan og blogging i 2023.

Undervising

Vedlagte pedagogiske mappe og CV synleggjer og demonstrerer mitt undervisingsarbeid og undervisningsfilosofi i detalj. Sidan 2009 har mitt hovudvirke vore å ha det faglege ansvaret for praksisemnet Praktisk informasjonsarbeid. Dette prisvinnande emnet har eg utvikla gjennom dei siste ti åra til å bli eit velfungerande og populært emne som tilbyr studentar intensiv undervising i kommunikasjonsfaget og praksis i bransjen. Eg har seinare semesteret hatt ansvar for brorparten av undervisinga, det vil i perioder seie 7 timer med undervising i veka innan media- og kommunikasjonsfaglege tema som strategisk kommunikasjon, kommunikasjonsplanlegging, effektiv retorikk, innsalg, sosiale medier, målgruppetenkning og liknande, samt organisert vekentlege skriveseminar med tema som pressemelding og korte tekstar. Gjennom undervisinga får dei verktøyet dei trenger for å klare seg i både praksis og framtidig arbeidsliv, og gjennom praksis får dei satt seg sjølv og sin kunnskap på prøve. Emnet tilbys alle studentane ved Universitetet i Bergen med 120 studiepoeng, og eit høgt nok karaktersnitt. Studentane er i all hovudsak fordel 50/50 mellom disiplin studia på SV og HF-fakulteteta, der det i stor grad er medievitenskapstudentar som kjem frå SV, medan studentane frå HF kjem frå veldig mange ulike program - og kanskje særleg digital kultur.

Dette har synt seg å vere særst effektivt, og ved siste undersøking i 2014 var 90% av studentane i relevant jobb. Vi får stadige attmeldingar om at opplegget, og undervisinga, er den beste studentane har opplevd i si tid på UiB. Det har òg blitt veldig populært blant arbeidsgjevarar i Bergensregionen, og studentar frå Praktisk informasjonsarbeid er ofte ettertrakta. Dette har gjort at emnet eg har utvikla det siste tiåra no ofte er omtala som HF sitt flaggskip for arbeidslivsrelevans.

I undervisinga på Praktisk informasjonsarbeid har eg valt å ta i bruk kunnskap og forskning på spelsystem for å synleggjere kommunikative utfordringar, gjennom mellom anna kviskreleikar og sosial deduksjon som *Werewolf* og *Mafia*. Dette har studentane respondert godt på, og har hatt godt læringsutbytte. Vidare er undervisinga i all hovudsag basert på studentaktiv og problembasert læring, der studentane må forhalde seg til reelle utfordringar for arbeidslivet og løyse dei i samråd med undervisaren.

Fagleg relevans

Det avlagte doktorgradsarbeidet er relevant for mi noverande stilling på fleire vis. Praktisk informasjonsarbeid og doktorgradsavhandlinga er begge multidisiplinære i sin natur, og trekk veksler på kvarandre. Både stillinga og avhandlinga baserer seg i all hovudsag på kunnskap og teori innan media, kommunikasjon og digital kultur. Praktisk informasjonsarbeid er i praksis eit kommunikasjonsfag, med elementer frå retorikk, journalistikk og mediefag, samt digitale plattformer og kultur. Doktorgradsarbeidet fokuserer har som sitt hovudfokus

digitale medier og kulturell utveksling, samhandling og kommunikasjon i digitale plattformer der eg gjorde mitt feltarbeid. Eg opplev det som ein naturleg sameksistens mellom mi forskning på kulturell aktivitet på digitale plattformer og undervisinga i arbeidslivsorientert kommunikasjon på digitale plattformer, då god kommunikasjon fordrar ei forståing av vår samtidskultur her. Diskurst teori, retorisk teori, teoriar om *affordances* og tolkingsskjema er sentral for både analysa i PhDen og undervisinga på Praktisk informasjonsarbeid, og eg har klart å flette inn mykje av lærdomen frå avhandlinga i undervisinga, og omvendt.

At stillinga er knytt til emnet Praktisk informasjonsarbeid, og ikkje eit fag, er ein styrke. Det lar emnet posisjonere seg mellom relevante fagdisipliner med beina planta i fleire. Min tilhøyrighet til forskargruppa på Digital Kultur og til tverrfakultære forskingsmiljø styrker det multidisiplinære aspektet til stillinga. Min multidisiplinære tilnærming til doktorgraden, avlagt innan Medier og Kommunikasjon, er ei side av dette. Min PhD er difor særst relevant for Praktisk informasjonsarbeid, og dannar difor eit godt grunnlag for søknad om opprykk til stilling som førsteamanuensis ved Praktisk informasjonsarbeid.



Det humanistiske fakultet

Referanse

2023/11-ANGPEN

Dato

14.04.2023

Unntatt offentlighet iht. offl. § 25, 1. ledd

Anmodning om oppnevning av sakkyndig komite i opprykksak

Kristian Bjørkelo har søkt om personlig opprykk til førsteamanuensis etter kompetanse ved Institutt for lingvistiske, litterære og estetiske studium (LLE) på bakgrunn av oppnådd doktorgrad i medievitenskap og undervisningspraksis i hovedsak fra emnet Praktisk informasjonsarbeid ved UiB. (Ref. 2023/11). Bjørkelo er ansatt som universitetslektor i 50% stilling.

I «Forskrift om ansettelse og opprykk i undervisnings- og forskerstillinger», §2-4, står det: «(2) Det kan bare søkes om opprykk innenfor det fagområdet søkeren er ansatt». Administrativt ligger Praktisk informasjonsarbeid under nordisk ved LLE, men emnet er ikke obligatorisk i bachelorgraden i nordisk. Bjørkelo har heller ikke noen grad i nordisk. I utlysningsteksten han søkte på sto det «universitetslektor i praktisk informasjonsarbeid». I forskriftens §2-2 står «Med fag menes her de fag eller emner som kan inngå i de grader institusjonene kan tildele». Praktisk informasjonsarbeid er et emne som kan inngå i samtlige bachelorgrader ved HF. I denne opprykksaken virker det rimelig å betrakte praktisk informasjonsarbeid som faget Bjørkelo søker opprykk innenfor.

Basert på dette foreslår instituttet følgende eksperter til å evaluere saken:

- Professor Arne Krumsvik, Høgskolen Kristiania, ArneH.Krumsvik@kristiania.no
- Førsteamanuensis Torill Mortensen, Nord universitet, torill.mortensen@nord.no
- Førsteamanuensis Arnt Maasø, Universitetet i Oslo, arnt.maaso@media.uio.no

Arne Krumsvik leder komiteen.

Utfylte habilitetsskjemaer er vedlagt.

Vennlig hilsen

Anders Fagerjord
instituttleder

Angelina Penner Gjertsen
seniorkonsulent

Dette er et UiB-internt notat som godkjennes elektronisk i ephorte

Institutt for lingvistiske, litterære og
estetiske studier
Telefon 55582400
post.hf@uib.no

Postadresse
Postboks 7805
5020 Bergen

Besøksadresse
Sydneshaugen 7
Bergen

Saksbehandler
Angelina Penner
55 58 30 58